Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Opland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lom.

Emne:

Bygdelag: Böverdalen

Oppskr. av: Eiliv Brenna

Gard: Brenna.

(adresse): Böverdalen

G.nr. 113 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

80 aar gl. bonde.

SVAR

Brynet:

1. Bryne. — Brynå.
Brynet er av gróvre slags grjot. Hein kallast finare slags stein, som kom fraa nordanfjells.

2. Før i tida var det berre bryner av naturstein. I seinare tid har det vore av fabrikkjøpt bryner av kunststein. Naturleg brynestein finst inkje i bygda, men i grannelegjeta Vaagaa, i Skaarvangen, er det naturleg bryne-stein. Derifraa kom det før i tida, reknande dei som selde bryner. I seinare tid har slike bryner vore av fabrikkjøpt paa bua, Skaarvangs-bryner heiter dei

3. Vart fyrst slipa paa rund slipestein, og derpaa bryna. Finare bitjarn som høvelten-ner og rakeknivar vart det brukt hein paa der slipinga. Dette gjeld tolleknivar og sakser og.

4. Er ukjennt her.

5. Er ukjennt her.

6. Unse, kom av paa steinlaus teig, og paa um slaattekaren var god til aa kvetja og stelle andvor. Elles saa slipa ein for kvar øykt.

204

Kunde ein nan i slipestein, so brukte ein den.
Men paa ut- og fjellslaatter, og oftast paa setrom
og, hadde ein inkje slipestein, og da galdt det aa
greie seg utan. Og da spurdest det snart,
naar ein i dagevis var utan slipinga, kva kar
ein var til aa halda ljaaen istand og korleis
ein kunde bryne. Skulde ein verta god slaatte=
kar maatta ein vera god til aa kvetja. Da
galt det fyrst aa ha eit njukt og godt bryne.
Eit godt slaattebryne maatte for det fyrste vera
bra langt, og so maatte det vera ei jamn
flate paa det, eitlar og harde korn haldast nede.
Det maatte inkje leggjast hardt mot eggen;
men kvetjast godt mot bakken paa ljaaen, slik
at inkje ljaaen vart fortunn mot eggen.
Mange sleit vondt med ein sjenad ljaa. Det var
ei kunst aa vera god slaattekar.
7. Er ukjennt her. Men som slaattekar i Eid=
anger i 1888 hadde ein inkje bryner, berre
ei sandstikke.
8. Ljaaen er alltid paa orvet ved slipinga.
Er nokk kunten av bindinga og so.
9. Ljaaen gaar uppunder vinstre armen og
vert halden fast med vinstre hands fingrer.
Far stuttorv maatte ein stau paa kne.
10. Brynestakk, var dreia av furu og met
2 jøler av jarn, i den øvste var det ein krok
til aa feste i livgjorti.
11. Ukjennt.
12. Brynestokken henges paa beltet paa
vinstre sida.
13. I brynestakken er vatten for aa vete bryne.
14. Mjølet kallast brynesand.

204

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15. Ja dei eldgamle brukte brynesand mot pingorm. Dei laga deig i sôtrjo=me og kleinte paa.

16. Ukjennt.

17. Er ukjennt. Men var brynet hardt. saa lagde dei det i eldmyrju for aa faa det mjûkare. Harde bryner var lite akta.

18. Rokstarne (onnejentene) hørte kva stemning slaattekaren var i, paa sangen i brynengen. Var karen i godlag var lau=ten klangfull. var han derimot tung=sindig, var tonen grov og tung. Var nokk oftast brukt for aa erte slaattekaren.

19. Nei.

20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 204
BYGDØY